

Alver Hotel As
Alvervegen 100
5911 Alversund

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/1049 - 22/90873

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
per.sveinar.morsund@alver.kommune.n
o

Dato:
28.11.2022

Svar på førespurnad om berostilling av sak - gbnr 137/129 Alver

Tiltak: ulovleg oppført modullbygg
Byggjestad: Gbnr 137/129 Alver
Tiltakshavar:
Ansvarleg søker: Cardo 8614 As

Saka gjeld

Førespurnad om berostilling av pålegg om retting og vedtak om tvangsmulkt for modulbygg på eigedom med gbnr 137/129.

Vurdering

I brev av 20.10.22 har de redegjort for fleire tilhøve som har bidratt til at framdrifta i prosjektet ikkje har vore slik som det var tenkt. Miljø & tilsynsavdelinga ser positivt på at det no er satt i gang ein prosess rundt legalisering av tilhøva.

Basert på opplysningane i brevet kan vi ikkje sjå at det er naudsynt med berostilling av saka. Ettersom de allereie er i gang med ein søknadsprosess er det venteleg at denne vil være sendt inn til kommunen seinast innen fristen for retting som er satt til 28.02.23. Når kommunen har motteke komplett søknad for tiltaket vil oppfølginga av det ulovlege tilfellet settast på vent fram til søknaden er avgjort. Kommunen vil ikkje følgje opp verken rettingspålegg eller tvangsmulkt medan søknaden ligg til behandling.

Frist for retting dersom søknad vert avslått vil være 5 veker etter endeleg vedtak i saka. Dersom det blir gitt løyve til tiltaket vil miljø & tilsynsavdelinga følgje opp saka til det ligg føre bruksløyve/ferdigattest og deretter avslutte saka.

Når det gjeld opphøyr av bruk ser kommunen seg nøydd til å stå ved vedtak om opphøyr av bruk fram til det ligg føre løyve og godkjenning. Når kommunen har blitt kjend med eit ulovleg tilfelle, kan ikkje kommunen gå god for at ulovleg bruk held fram. Kommunen kan ikkje påta seg ansvar for slik bruk og vi legg til grunn at heller ikkje tiltakshavar eller ansvarleg søker vil påta seg eit slikt ansvar og risiko. Vi minner om at det må sendast inn stadfesting til kommunen når den ulovlege bruken har opphørt.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Søknadsprosess

Miljø & tilsynsavdelinga kan ikkje svare for kor vidt ein søknad om dispensasjon og legalisering vil la seg gjere. Dispensasjon som vart gitt i 2015 hadde som føremål at det skulle komme på plass ein reguleringsplan for området. Kor vidt ein ny dispensasjon vil være mogleg blir opp til byggesak å vurdere.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/1049

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver Hotel As
Cardo 8614 As

Alvervegen 100
Øvre Blekeveien 20

5911
5003

Alversund
BERGEN